

## Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 10.03.2016

**Dan Femoen** sette fram følgjande oversendingsforslag:

«Nytt pkt. 2: Hordaland fylkeskommune skal særleg følgje opp desse punkta i Regjeringa sin strategi mot barnefattigdom:

1. Tiltak 24: Program for betre gjennomføring i vidaregåande opplæring
2. Tiltak 31: Tiltak mot barnefattigdom innan frivillig arbeid
3. Tiltak 45: Program mot sosial ulikskap i tannhelse
4. Tiltak ??: Mobbing

**Solbjørg Marjala** sette fram følgjande oversendingsforslag

«OPHE tar saka til etterretning og legger til grunn at det blir tatt hensyn til barn og unge som lever i fattigdom gjennom planlegging og tilrettelegging av HFK sine tjenester. Ein arbeidsgiverpolitikk fra fylkeskommunen som bidrar til kvalifisering og inkludering, hindrer uønsket deltid og motvirker utestenging fra arbeidslivet vil være et bidrag til å redusere tallet på lavinntektshushold og slik forebygge barnefattigdom. Det samme gjelder for utdanning. HFK bør legge til rette for at vidaregåande utdanning tilpasses og imøtegår det behovet som folk med minoritetsbakgrunn har slik at de får det tilbudet og den tilrettelegging som gjør at de som ønsker det kan få tatt vidaregåande utdanning»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Femoen og Marjala sine oversendingsforslag vart etter votering samrøystes vedteke oversendt fylkesutvalet.

### **Innstilling**

Fylkesutvalet tek saka til etterretning og legg til grunn at det vert teke omsyn til barn og unge som lever i fattigdom gjennom tilrettelegging av Hordaland fylkeskommune sine tenester.